



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Fylkesordføraren

Vår ref. 11/611-1
033 /ANKH

Til medlemmer og varamedlemmer i
Telemark utviklingsfond

Dato 09.02.2011

**Telemark utviklingsfond - møte 14.02.2011 kl.12.00 på Fylkeshuset,
møterom Totak**

Vedlagt følger revidert saksliste og sakspapirer.

Varamedlemmer møter bare etter særskilt innkalling.

for leder

Helén Andersen
sekretær



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

Sakliste for Telemark utviklingsfond

Møtedato: 14.02.2011

Sak nr.	Arkivsaknr. Tittel
1/11	11/264 ØKONOMI OG SØKNADSRUTINER FOR TELEMARK UTVIKLINGSFOND
2/11	10/5258 BOK OG BLUESHUS - NOTODDEN KOMMUNE - SØKNAD OM TILSKOTT



Sak nr. 1/11

**ØKONOMI OG SØKNADSRUTINER FOR TELEMARK
UTVIKLINGSFOND**

Arkivsaksnr.: 11/264
Arkivkode: 250
Møtedato: 14.02.2011
Saksbehandler: Helén Andersen
Saksordfører: *
Behandling i:
1/11 Telemark utviklingsfond

Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen

Styret i Telemark Utviklingsfond vedtar framlagte forslag til disponering som vist i tabell. Punkt 1 -9 vedtas å gjelde for 4 år + 1 år. Styret vedtar bidrag til havneplan med kr. 400.000,- som vist i punkt 10 i vedlagte tabell – gjeldande for 2011. Styret vedtar at ein ikkje skal gje enkelt støtte til prosjekter som vil medføre løyvingar under kr 400.000,-. Styre vedtar forslaga til søknadsfrister og møteplan for styret.

Beløp til disposisjon 2011

Tekst	MNOK
1. Overført fra Konesjonskraftstyret	37,0
2. Administrasjons kostnader TUF(estimert)	-1,5
3. Utbetalt til regionalt samarbeid., Kraftkommuner	-2,7
4. Driftstilskudd Telemarks kanalen	-2,6
5. Dekking sluseavgifter kanalen	-1,3
6. Tiltak reiseliv og markedsføring Telemark.	-2,0
7. Regionale planprosesser m/handlingsplaner reiseliv/nyskaping	-0,4
8. Geoparken	-1,2
9. Regionalpark Telemarkskanalen	-0,9
10. Havneplan	-0,4
Rest til disposisjon	24,0

Problemstillinga i få ord

TUF får inntektene sine frå sal av konsesjonskraft. Inntektene er grunnlaget for fondets årlege tilgjengelege ressursar. Telemark Fylkesting har i sak 48/10 – Mål og budsjettokument 2011-2014 bedt om at kostnader som vist i tabell blir dekt av TUF – i tråd med vedtektene for TUF.

Saksopplysningar

Økonomi

TUF disponerer ca 37 MNOK for 2011. Av dette er det disponert 2,7 MNOK til administrative kostnader for regionalt samarbeid i dei 8 konsesjonskraftkommunane – jfr vedtektene §4.2.7. Til disposisjon for fondet er det ca 34,3 MNOK minus administrative kostnader for fondet. Beløpa som kan disponeres kjem til utbetaling utover året, ein stor del vil bli utbetalt siste kvartal og delvis i 2012.

Beløp til disposisjon 2011

Tekst	MNOK
1. Overført fra Konsesjonskraftstyret	37,0
2. Administrasjons kostnader TUF(estimert)	-1,5
3. Utbetalt til regionalt samarbeid., Kraftkommuner	-2,7
4. Driftstilskudd Telemarks kanalen	-2,6
5. Dekking sluseavgifter kanalen	-1,3
6. Tiltak reiseliv og markedsføring Telemark.	-2,0
7. Regionale planprosesser m/handlingsplaner reiseliv/nyskaping	-0,4
8. Geoparken	-1,2
9. Regionalpark Telemarkskanalen.	-0,9
10. Havneplan	-0,4
Rest til disposisjon	24,0

Søknadsperiodar - Møteplan

Det leggst opp 3 søknadsperiodar med påfølgande styremøte.

Søknad nr	Søknadsfrist	Dato styremøte
Søknadsfrist 1	15. mars 2011	03. mai 2011
Søknadsfrist 2	30.juni 2011	30. august 2011
Søknadsfrist 3	15.september 2011	29.november 2011

Vurdering frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmann ser at Telemark Utviklingsfond vil tilføre Telemark ein stor økonomisk muskel. Fylkesrådmannen viser til sak FT sak 38/10 der tema samordning av verkemedelbruk blei handsama og viktigheita av å arbeide for å få fleire verkemiddel til å virke saman. Det gledeleg at det er klare koplingar mellom bruk av midlar frå Telemark Utviklingsfond og dei overordna strategiske planane som gjeld for Telemark.

Fylkesrådmann ser at midlane som blir tilført til Telemark Utviklingsfond vil få størst nytte dersom en kan konsentrere midlane om større løyvingar. Fylkesrådmannen ynskjer at Telemark Utviklingsfond ikkje skal løyve midlar der summen blir mindre enn kr 400.000,- Framlagt forslag til disponering av midlar støtter oppunder dette og Fylkesrådmann rår til at styret i Telemark Utviklingsfond vedtek framlagte disposisjonar.

Fylkesrådmannen ser at det er formålstenleg med fastsette dato for søknader og styremøte, forslaga til styremøte vil ikkje kollidere med hovedutvalgsmøte.

Vedlegg:



Sak nr. 2/11

BOK OG BLUESHUS - NOTODDEN KOMMUNE - SØKNAD OM TILSKOTT

Arkivsaksnr.: 10/5258
Arkivkode: C35
Møtedato: 14.02.2011
Saksbehandler: Geir Berge Nordtveit
Saksordfører: *
Behandling i:
2/11 Telemark utviklingsfond

Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen

Telemark Utviklingsfond gir Notodden kommune tilsegn om 15 mill kroner i tilskott til realisering av bok & blueshuset på Notodden.

Føresetnaden er at kostnader på 170 mill kroner vert fullfinansiert.

Effektivering av tilsegna skjer med fem mill kvart år fordelt på dei tre åra 2011, 2012 og 2013.

Problemstillinga i få ord

I ekspedisjon av 26.11.2010 søker Notodden kommune om 15 mill kroner i delfinansiering av bok og blueshuset. Byggeprosjektet har ei kostnadsramme på 170 mill kroner. Det vert budsjettert med tilskott på 105 mill kroner frå Notodden kommune og 50 mill kroner i tilskott frå Staten ved Kulturdepartementet.

Saksopplysningar

I nærare 10 år har det vore arbeid med planlegging at eit eige *Europas Bok- og Blueshus* på Notodden, særleg etter at Notodden Internasjonale Bluesfestival (NIBF) fekk status som nasjonal knutepunktfestival i 2007. Seinare har NIBF blitt kåra til den beste bluesfestivalen i Europa. Både Kulturdepartementet og Norsk Kulturråd har gitt løyvingar til skisseprosjekt og planlegging av innhald.

Som prosjekteigar har Notodden kommune gjennomført ein ope arkitektkonkurrans der det kom inn 74 forslag. Arkitektkontoret Børve & Borchsenius AS – Porsgrunn var med i den gruppa som vann konkurransen.

Netto bygningsareal er på 3470 m2.

Om lag 2/3 av arealet er disponert til formål som går ut over den ordinære trongen for lokale til bibliotek, kulturskole og kino som det er eit kommunalt ansvar å finansiere.

Vurdering frå fylkesrådmannen

Ut frå ei samla vurdering innstiller fylkesrådmannen på å gi ei tilsegn på 15 mill kroner, fordelt over tre år. Føresetnaden er at kostnadsoverslaget på 170 mill kroner vert finansiert.

Frå kommunen si side har den politiske dialogen mot tidlegare og noverande politisk leiing i Kulturdepartementet vore tett og god. Fylkesrådmannen legg til grunn at ei positiv tilsegn frå fylkeskommunen vil vere avgjerande for siste fase i arbeidet med å få på plass ei statleg investeringstilsegn på 50 mill kroner.

Ei realisering vil vere i tråd med dei tidlegare føringane i fylkesplanen og med den vedtekne fylkeskommunale planen for lokale kulturbygg, regionale møteplassar og formidlingsarenaer i Telemark 2006 – 2010.

Ambisjonane for bok og blueshuset er å vere ein lokal, regional, nasjonal og internasjonal arena for samspel og utvikling av kulturaktivitetar med bok og blues som kjerneaktivitet. Realiseringa av ein slik ambisjon vil gi auka attraktivitet og godt omdømme for både regionen og fylket.

Samstundes er ei realisering av prosjektet viktig for byutviklinga i Notodden sentrum. Nærleiken til Notodden Vidaregåande skule legg tilhøva godt til rette for sambruk.

Vedlegg: Søknad av 26.11.2010 frå Notodden kommune.

Uprenta vedlegg: Fem stk vedlegg i saksmappa som syner plan- og designkonkurransen, romprogram og funksjonsanalyse, vinnarutkast, detaljert plantegning av 30.10.2010,